Nostalgiske Ørnarrennet vil sjå framover

Ørnarrennet kan kanskje minna litt om «langrenn i gamledagar». Rennleiar Nils Klette vil ha fleire med på å vera litt nostalgiske, men sjølv skal han vera nytenkjande.

111: Ørnarrennet gjekk av stabelen for 62. gong, og det var 111 som gjekk det tradisjonsrikerennet i år. ALLE FOTO: ØRNAR IL

Rennet er det tredje eldste rennet i Noreg som fortsatt eksisterar, difor er det mange av den eldre garde som er med på å arrangera, Løypa er 37 kilometer lang, og inkluderar både lågland og fjell.

Denne sundagen vart Ørnarrennet arrangert for 62.gong. Det er 111 startande, ei minke frå i fjor då det var nærare 160 deltakarar.

Gamle forpliktingar

Rennleiar Nils Klette er imponert over dei som går rennet år etter år, og ynskjer fleire kunne gjera det same.

– Det er ikkje berre berre å gjennomføra rennet år etter år. Men for nokon er dette årets høgdepunkt. Og når rennet er så gamalt som det er så gjev det nokre forpliktingar. Eg trur ikkje Rolf Olsen som no går for 39.gong ville vorte så glad om me la ned rennet no, seier Klette og smilar.

Denne sundagen er ikkje vêret på topp, men heldigvis har vinden halde seg vekke.

Køyrde feil

At ikkje vêret er så fint er ikkje noko spesielt for Ørnarrennet, arrangørane meinar derimot det er noko av det som gjer dei unike. For det har aldri vore fint vêr når rennet vert arrangert. Det er ofte fint før og etter, men aldri under. Eitt år var det strålande vêr, men då var det så bitande kaldt at dei måtte utsetja rennet ein halvtime.

Det var velkjente Claus Sellevold som stakk av med ein velfortjent siger med tida 2:07:22. Han var nærare to minutt før andremann.

– Det gjekk bra, men det var tøft å gå i teten. Me som gjekk fyrst måtte driva med litt brøyting, forklarer han.

Arrangørane hadde satt ut stikk i høgfjellet for at utøvarane skulle koma seg riktig veg. Likevel holdt det på å gå riktig gale for Sellevold.

– Det var flatt ljos og dårleg sikt, og eg klarte å køyra feil i nokre minutt. Det holdt på å kosta meg sigeren. Då banna eg høgt.

Fyrstegongsgåarane forsvinn

Det er tredje gongen Sellevold går Ørnarrennet, men diverre er han ein av få som kjem attende. Rennleiar Klette forklarer at mange brukar rennet kun for seeding i Birkebeinerrennet. Då «treng» dei ikkje koma attende når dei har fått ein god posisjon der.

– No er 50 av dei 111 startande fyrstegongsgåare, men det er synd at dei ikkje vert verande. Frå 50- til 80-tallet var rennet ein «itting», og ein var nærast ikkje kar om ein ikkje gjekk Ørnarrennet, forklarer Klette.

I dag er det vanlege for langrennsrenn å ha ei kortare løype, og gå fleire rundar. På Ørnarrennet er ei kun ei, men 37 kilometer lang, løype. Løypa har òg stor høgdeforskjell.

– Dette påverkar på både godt og vondt. Og løypestilen gjer at ein får litt flashback til «gamallangrenn» på 80-talet. Ørnarrennet krever mange folk, seier rennvinnar Sellevold.

VANN: Ragnhild Farestveit.

VANN: Claus Sellevold.

– Må finna løysingar

Han trur også at flyttinga av løypetraseen for nokre år tilbake kan ha vore ein irritasjonsmoment. Sellevold meiner at det ikkje fins betre trening til Birkebeinerrennet enn Ørnarrennet, og oppfordrar difor arrangørane til å tenka nytt for å trekka folk. Det er rennleiar Klette heilt einig i. – Det er tre renn på Voss, og alle slit med for få deltakarar. Me bør gå saman og snakka om ei løysing på dette. Me må vera opensinna og sjå på betringspotensiale. Ørnarrennet vil fortsetja, men det er ikkje slik at det må arrangerast slik eller på same staden som det vert gjort no, seier han.

LISA MARIA BR. SØLVBERG | tekst

---

kom han på 20.plass. Han meiner helga har gitt middelmådige resultat, men at det kom seg på sundagen.

– Fredagen og laurdagen gjekk det ikkje heilt slik eg hadde håpa, men i 2.omgangen på sundagen fekk eg ei god tid. Eg har vore småsjuk desse dagene, men eg har prøvd å prestera. No er målet å verta frisk og trena, forklarer Sjøtun.

– Strålande innsats

Sundagen var det kome 25 centimeter nysnø, og trenar Skorpen seier at dei takla utfordringa fint.

– Eg vil rosa alle som har vore med å arrangera, dei har gjort ein strålande innsats. Me har fått mykje gode tilbakemeldingar frå folk, seier han.

Skorpen forklarer at dei framover skal jobba med å verta sterkare og solide, slik at dei kan køyra fortare.

No skal vossingane på renn i Jølster. Ifylgje trenaren har dei ikkje vist gode nok resultat til at dei kan koma på topp der, men poengterer at dei i alle fall har to nye sjansar.

LISA MARIA BREISTEIN SØLVBERG | tekst og foto

TOPP TI: Trine Gjeraldstveit var den einaste vossingen som var med i junior-NM i alpint i helga, og kom på ein 9.plass med tida 2:52:85.

Resultatbørs

NM Alpint junior

Bavallen, 16.-17. februar.

Slalåm gutar: 1. Marcus Monsen 1.28.15, 2. Martin Stette Jessen 1.28.36, 3. Olav Juvik, 1.29.37. (Ingen lokale).
Storslalåm gutar: 1. Marcus Monsen, 2.37.56, 2. Jeppe Baardseth, 2.38.06, 3. Henrik Røa, 2.39.29. (Ingen lokale).
Slalåm jenter: 1. Mina F. Holtmann, 1.29.91, 2. Vigdis Stoer, 1.30.70, 3. Frida Sophie Stang, 1.31.68. (Trine Gjeraldstveit DNF)
Storslalåm jenter: 1. Julie Flo Mohagen, 2.44.75, 2. Ingrid Kongelf 2.47.38, Sølvi Nicolaisen 2.47.81, 9. Trine Gjeraldstveit 2.52.85.